

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet

NOU 2013:2 Hindre for digital verdiskaping - Høyringsuttale

Regjeringa har oppnemnd eit utval som har vurdert moglegheitene og hindringar for digital verdiskaping. Utvalet sin rapport, "NOU 2013:2 Hindre for digital verdiskaping", er sendt på høyring, med **høyringsfrist 22. april 2013**.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er ikkje nemnd spesielt på høyringslista, men har eit spesielt ønskje om at regjeringa retter søkelys på graderingsregimet for høg oppløyslege djupne-data og terrengmodeller. Dette for å vidareutvikle forvaltninga av våre kystnære ressursar.

Havforskningsinstituttet, Norges geologiske undersøkelser og Kartverket har tatt initiativ til et kartleggingsprogram i kystsonen (Kyst-Mareano).

For at Kyst-Mareano som kartleggingsprogram i kystsonen skal kunne lykkes, er det helt avgjørande at dagens graderingsregime endras på ein måte som tar omsyn til dei mange ulike brukarbehova i kystsonen. Det må også være lett å administrere tilgangen til slike data både for offentlege og private brukarar.

Eit slikt kartleggingsprogram vil gjere kommunar og fylkeskommunar i stand til å møte regjeringa sitt krav om meir kunnskapsbasert og bærekraftig planlegging og ressursutnytting langs kysten vår.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Elisabeth Aune
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift